

Befolkningsandel

LIVSLØPSTRAPP

Ressursbruk



FØREBYGGING

EIGENMEISTRING

TILRETTELEGGING

SPESIALISERT HJELP

Behov for støtte

KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

- Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester

Om kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er Fjord kommune sitt overordna styringsdokument, og inneheld dei langsiktige hovudmåla for kommunen både som samfunn og organisasjon.

Visjonen «Gode vekstvilkår» peikar på fleire kvalitetar vi ønskjer skal prege kommunen vår: livskraftig, skapande, nær, raus og berekraftig. Det er vedtatt fire hovudmål, og opp mot Livsløptrappa er hovudmål 4 det viktigaste: Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester.

Demografiske endringar og økonomisk taktskifte gjer at det er behov for endring og omstilling. Negativ demografisk utvikling, stram økonomi og press på tenestene krev endring. Samlokalisering, målretta tenestetilbod, meir førebyggjning, samskaping og god dialog vil vere viktig stikkord framover.

Vi må vri tenestetilbodet, og ha større fokus på førebyggjning for å bidra til å utsette – og i nokre tilfelle gjere at det ikkje blir behov for – ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.

Hovudmål 4 - Handlekraftig og innovativ kommune

- I Fjord kommune skapar vi framtida i fellesskap
- Fjord kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar
- Fjord kommune har gode og målretta tenester med rett kvalitet og omfang

Vi skal bli betre på heilskapstenking og målretta tiltak. Livsløptrappa vil vere eit viktig element i tenestedreinga, og målsettinga med trappa er:

- Sjå samanhengar og heilskap i tenesteutvikling og omstilling
- Innbyggjarinvolvering
- Forventningsavklaringar til korleis kommunen kan yte tenester i framtida
- Skape eigarskap og aksept hos politikarar, innbyggjarar og tilsette

For å få dette til er vi avhengig av felles forståing for utfordringsbildet, og god kommunikasjon for å finne løysingane.

Førebygging

Kladd



Du som innbyggjar kan vente at kommunen

- Tilbyr informasjon og rettleiing for å førebygge utfordringar
- Samarbeider med innbyggjarane om å utvikle gode og trygge møteplassar – ute og inne
- Samarbeider med frivillige og andre aktørar
- Tilbyr helsefremjande tilbod og aktivitetar, og gjev faglege råd om korleis ta vare på eiga helse
- Respekterer og tilpassar førebygging til dine behov og ønskjer
- Sikrar at tenester og tilbod er tilgjengelege og inkluderande

Kommunen forventar at du som innbyggjar

- Tek ansvar for eiga helse og livssituasjon så langt det er muleg
- Tek vare på familie og vener, inkluderer menneske i nærområdet, og bidreg til gode fellesskap for alle
- Yter god omsorg for dei du har eit omsorgsansvar for
- Deltok aktivt i førebyggjande tilbod
- Søkjer tidleg hjelp ved behov og gjev relevant informasjon
- Følgjer råd og anbefalingar som vert gitt for å førebygge problem
- Bidreg til eit godt og inkluderande fellesskap

Egenmeistering

Kladd



Du som innbyggjar kan vente at kommunen

- Arbeider systematisk med BTI (betre tverrfagleg innsats)
- Informerer aktivt om økonomiske støtteordningar for å kome inn på bustadmarknaden
- Sikrar at born og unge med ulike utfordringar blir verdsett, og er ein del av fellesskapet
- Tilbyr råd og rettleiing ved behov
- Tverrfagleg samarbeid for heilskapleg og koordinert oppfølging
- Tilpassar aktivitet for å utsette behov for meir omfattande tiltak
- Bevist og framoverlent bustadpolitikk som sikrar eit differensiert butilbod

Kommunen forventar at du som innbyggjar

- Tek aktivt grep for å meistre livet
- Bidreg med dine evner og ressursar
- Deltek i gruppearbeid som passar deg
- Tek i bruk teknologi og anna som forenkler kvardagen
- Deltek i meningsfylte aktivitetar
- Følgjer anbefalingar frå helsepersonell
- Tenker over kva du kan gjere for å tilpasse eigen bosituasjon

Tilrettelegging

Kladd



Du som innbyggjar kan vente at kommunen

- Legg praktisk til rette og gir rettleiing ved behov
- Kartlegg grundig dine behov før det vert iverksett tiltak
- Tilbyr tilpassa løysingar som gjer kvardagen enklare
- Informerer deg tydeleg om kva rettar og mulegheiter du har
- Tilpassar tenester og hjelpemiddel etter dine føresetnader
- Gir målretta tiltak med helsehjelp til heimebuande
- Førebygg og gir tilbod om rehabilitering/habilitering som bidreg til å oppretthalde funksjonsnivå
- Tilbyr avlastning og støtte til pårørande som står i omfattande omsorgsoppgåver over tid
- Sikrar tilgang til ulike buformer tilpassa dine behov

Kommunen forventar at du som innbyggjar

- Gir relevant informasjon om dine utfordringar og behov
- Samarbeider aktivt i planlegging og oppfølging av tiltak
- Følgjer opp avtalar og deltek i møter og samtalar
- Gir tilbakemelding om kva som fungerer og ikkje fungerer
- Tek ansvar for eiga utvikling så langt som muleg

Spesialisert Hjelp

Kladd



Du som innbyggjar kan vente at kommunen

- Kartlegg grundig og vurderer behov
- Tilbyr fagleg kvalifisert og tilpassa bistand heile døgnet
- Sikrar tryggleik, respekt og verdigheit i alle tenester
- Informerer deg og ev pårørande fortløpande om tiltak
- Tilpassar tenester slik du får best muleg livskvalitet

Kommunen forventar at du som innbyggjar

- Gir ærlege og utfyllande opplysningar om situasjonen
- Samarbeider tett med tilsette og følgjer opp individuelle planar
- Respekterer reglar og rutinar ved institusjon eller teneste
- Delttek i møter og samtalar, og gir tilbakemelding
- Tek ansvar for eiga helse der det er muleg